



Jan Gunnar Eikehaug

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2861 - 16/22877

Saksbehandlar:

Reidun Iden Lædre

reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:

02.12.2016

Godkjenning - fritak frå feie-/tilsynsgebyr gbnr 1/240 - Hjelten

Administrativt vedtak. Saknr: 408/2016

Saksutgreiing:

Det er i søknad, dagsett 29.11.2016, søkt om fritak frå feie-/tilsynsgebyret for bustadhus på eigedommen gbnr 1/240 Hjelten 34. Søknaden er grunngjeven med at bustaden ikkje lenger har ovn og at røykløpet er støypt att.

Vurdering:

Til no har kommunen praktisert at alle som kan dokumentere at husværet ikkje har eldstad av noko slag, kan etter søknad, sleppe å betale feie - /tilsynsgebyr. Etter ny lovpålagt forskrift, har kommunane innført feiing etter behov. Dette tyder at feiing skal skje når det er naudsynt med feiing, men likevel slik at skorsteinen skal feiast minst kvart 4. år uansett bruk.

Innspart tid med feiing etter trong, skal nyttast til inspeksjon av husværa der feiaren gir råd og rettleiing for å unngå brann. Denne tenesta er uavhengig om husværet har eldstad eller ikkje, og kostnaden skal dekkast inn gjennom feie-/tilsynsgebyret.

Administrasjon har vurdert eigar av gbnr 1/240 sine opplysningar som relevante dokumentasjon for å gje fritak.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at det frå 01.01.2017 vert gjeve fritak frå feie-/tilsynsgebyret for Dykkar husværa på gbnr 1/240, i samsvar med søknad dagsett 29.11.2016. Dersom eldstad vert montert, må det straks gjevast melding hertil»

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfor: www.nordhordlandskart.no

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Feiaren i Lindås og Meland v/Trond
Smørdal

Mottakere:

Jan Gunnar Eikehaug